
SOGN OG FJORDANE TEATER
Foto: David Zadig
ALT DET **LYSE** OG
ALT DET **MØRKE**
AV BRYNJULF JUNG TJØNN
SoFt
Sogn og Fjordane Teater

# ALT DET **LYSE** OG ALT DET **MØRKE**

**Alt det lyse og alt det mørke» er ei sterk forteljing om korleis omsorgssvikt kan gå i arv frå slektsledd til slektsledd.**

Det spesielle er at historia blir fortald frå barnet sitt perspektiv. Vesle Vibeke er glad viss ho berre får vere med faren i tømmerskogen. Under dei dansande snøfillene gløymer ho både kulde og svolt. Men uansett kor hardt ho tviheld på desse lysglimta, forsvinn faren i skuggane.

Kva så når ho sjølv blir mor i ung alder? Vil ho klare å gi dottera Hildegunn ein lysare oppvekst?

Bak stykket står eit kraftlag frå Vestlandet. Det er andre gongen Miriam Prestøy Lie set i scene ein roman av Brynjulf Jung Tjønn. I 2016 laga ho teater av brageprisvinnande «Så vakker du er» med Thea Hjelmeland på scena, som vart ei kritikarrosa framsyning.

Arbeidet blir no vidareført med bergensmusikar Selma Frida Stang som miksar elektronisk, pop, folketonar og salmar, og framfører musikken live. Det heile er pakka inn i scenograf Dordi Strøm sitt visuelle, leikande og vakre univers.

**BILLETTAR**:
www.softeater.no/billettar

Sjå **softeater.no** for meir informasjon.

**med atterhald om endringar*

Urpremière

**FØRDEHUSET**
18. januar kl 19.00
19. januar kl 18.00

## Turnéplan

**VIK, BLIXHALLI**
22. januar kl 19.00

**BALESTRAND, BELEHALLI**
23. januar kl 19.00

**LÆRDAL IDRETTSHALL**
24. januar kl 19.00

**ÅRDAL KULTURHUS**
25. januar kl 19.00

**SOGNDAL KULTURHUS**
26. januar kl 18.00

**DALE, FJALERHALLEN**
29. januar kl 18.00

**FLORA SAMFUNNSHUS**
30. januar kl 19.00

**BREMANGER**
31. januar kl 18.00

**OPERAHUSET NORDFJORD**
1. februar kl 19.00

**HONNDALSHALLEN**
2. februar kl 18.00

**SANDANE, TRIVSELSHAGEN**
5. februar kl 18.00

**FØRDEHUSET**
9. februar kl 18.00

Nasjonalbiblioteket
Depotbiblioteket

AV
**BRYNJULF JUNG TJØNN**

DRAMATISERING OG REGI
**MIRIAM PRESTØY LIE**

KOSTYMEDESIGNAR OG SCENOGRAF
**DORDI STRØM**

MUSIKAR
**SELMA STANG**

LYSDESIGNAR
**KRYSTIAN MYSKA**

MEDVERKANDE
**REIDUN MELVÆR BERGE**
**KYRRE EIKÅS OTTERSEN**
**IDUN LOSNEGÅRD**
**SELMA STANG**
**JOAKIM THRANE**


Reidun Melvær Berge


Kyrre Eikås Ottersen


Idun Losnegård


Selma Stang


Joakim Thrane


Ressigør
Miriam Prestøy Lie

# VÅREN 2019




## GEORGS MAGISKE MEDISIN

Georg si bestemor er ikkje som andre søte og snille bestemødrer. Ho er nifs og syt og klagar og knurrar og bråkar og blandar seg opp i alt mogleg. Georg vil gi henne ein lærepenge. Så når ho skal få medisinen sin, lagar han ein boblande, frådande, magisk medisin som garantert vil sende henne gjennom taket.

**Speleperiode: 3.-11. februar**

Rein Design. Trykk: Natvik, Florø



## TRANSLYRIA – SHAKESPEARE

Regissør Frode Gjerløw har laga ei moderne forteljing rundt kjende Shakespeare-klassikarar. Allereie for meir enn 400 år sidan braut Shakespeare med gjengse kjønnsoppfatningar. Han skreiv både vakkert og komisk om det feminine og det maskuline, noko som vart forsterka av at kvinner ikkje fekk stå på scena på Globe Theatre i London, og at kvinneroller difor vart spelte av menn.

**Upremière: 15. mars.**

**Speleperiode: 16. mars – 12. april**



## MARIA MAGDALENA – JESU VIRKE

Vi veit alle kva som skjer i evangeliet, men sjeldan får vi høyre det på denne måten. Historia om Jesus blir fortald gjennom kvinnene rundt han. Dei var respekterte elevar og hadde ein plass i lyssirkelen rundt leirbålet. I «Jesu virke» er det Maria Magdalena som er augevitne.

*Avisa Fjordingen:* «Ei overtydande og kjenslevàr og vakker førestilling»

**Nypremière: 3. april.**

**Speleperiode: 4.-28. april**



## EVENTYRROMMET

Velkommen til ei koseleg eventyrstund på teateret! I det magiske Eventyrrommet kjem fleire av våre mest kjende og kjære eventyr til liv gjennom teateret sine dyktige skode-spelarar.

Følg med på www.softeater.no og Facebook for informasjon om komande eventyrstunder.

**FØLG OSS PÅ:**

Sjå **softeater.no** for informasjon om dato og billettar

SoFt
Sogn og Fjordane Teater